



AFA hadde stor suksess med salskafeen sin i fjor og håpar på godt besøk når dei laurdag frå 10.30 til 15 innbyr til ny salskafe på loftet.

I fjor kom det kjøparar frå heile kommunen. Det var fullt i lokalet fleire gonger og opptil 60 på ein gong!

I år kan salskafeen feira eit lite jubileum, for han vert halden for femte gong!

Anne Karin Myhre og Inger Naterstad, som styrer med tiltaket, kan mellom anna frista med desse mjuke produkta:

Kuvertbrikke med englar og nissar, sitteunderlag i tova ull, advents- og juleløparar, vesker og nett, toalettvesker, filleryar og støvlettkattar!

Men det er ikkje berre sal av AFA-produkt som vil gå føre seg, det blir som før også servering av risgraut samt kaker og kaffi, Grauten kokar dei sjølve og er førebudd på å koka meir.

På biletet over står Marthe Johnsen frå Halsnøy (i midten) med ein støvlettkatt og ho står saman med Anne Karin Myhre og Inger Naterstad.

Under ei stilig AFA-oppdekking.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

(

